

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 24.10.19

Vår ref. 1122/19/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref: 19/13364

Fiskeridirektoratet region Vest
v/ Ina Giil Solheim

e-mail

LINDÅS, LEIKNES – UTLEGGING AV FLYTEBRYGGER 96/140

Viser til brev av 27.09.19 med vedlegg, og korrespondanse vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.



Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar. Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Leiknes

Det er varsla om etablering av flytebrygger. Fortøyingsplan på kart med djupnekote må leggjast med slike høyringssaker. Etter førespurnad har me i dette tilfellet mottat kart utan djupnekote.

Det er registrert kaste- og låssettingsplass på Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Ein òg peike på at det vert fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ein ynskjer igjen å presisere viktigheita av å unngå bit-for-bit-politikk med beslaglegging av kyst/sjøområde utan å tenkje på dei heilheitlege effektane. Flytebrygger beslaglegg ikkje berre areal på sjøoverflata, men òg areal under overflata i form av fortøyingar.

Etter eventuell utlegging av brygger i området må ein fortsatt kunne bruke låssettingsplassen. Det må òg vere mogleg å feste lås i bryggeanlegget.

Ved vurdering av småbåtanlegg må ein òg ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/eit slikt anlegg kan ha. Det finst blant anna to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner:

- COWI sinrapport "*Miljøvennlige småbåthavner*" (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.
- CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Fiskarlaget Vest vil vise til at det er viktig at det blir lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner/-anlegg. Det er total sett mykje billegare å førebyggja enn å rydde opp i ettertid, viss det i det heile lar seg gjere.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.



Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt S. Ingebø

Britt Sæle Ingebø






Eirin K. Espeland


Eirin Kongestøl Espeland

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Lindås kommune
Fylkesmannen i Hordaland



TEGNFORKLARING

-  Eksisterende brygger
-  Nye brygger
-  Ny bølgedemper
-  19 mm lang lenket galvanisert kjetting
-  2.5 tonn belønglodd

Rev.	Dato	Sign.	Revisjonen gjelder		
Oppdragsgiver Jan Erik Kolstad AS					
Prosjekt Småbåtanlegg gbnr 196/140 Midtgård Lindås Fortøyningsplan utlegg nye brygger					
Tegn.	Kont.	Godt.	Date: 14.08.19		
Målestokk: 1:500/A3			Prosjekt: 1709		
Tegning: 002			Rev.		
					



Hellesneset

Osterfjordvegen

åag

98

Lone

Osterfjordvegen



tgård
ården

Flosvika

Flosvi

Storåsen

Leknes

- Fiskeplasser - Passive redskap
-  Fiskeplasser - passive redskap
- Låsettingsplasser
-  Låsettingsplasser




FISKERIDIREKTORATET

NGO.58705, ØS.37772 +



150mK



Fiskeridirektoratet og ND-parer

+ NGO.57304, ØS.36354



FISKERIDIREKTORATET

NGO.58706, 0 38 78

